

Saksnr  
43/18

Utval  
Formannskapet

Møtedato  
07.11.2018

## **HØYRING KVINNHERADPAKKEN - DELVIS BOMPENGEFINANSIERING**

### **Framlegg til vedtak (høyningsuttale):**

Stord kommune meiner Statens vegvesen må endra sine rutinar, slik at det blir tid for ein fullstendig høyingsrunde i bompengesøknadar, før saka blir teken opp til lokalpolitisk handsaming. Både kostnad og tiltak i bompengepakkene påverkar innbyggjarane i nabokommunane, og dei bør ha medverknad før vedtaka blir fatta. Høyingsrundane bør i tillegg vera breiare enn gjeldande praksis, og alle nabokommunar og regionrådet bør få saka til høyring.

Fylkesvegnettet i Kvinnherad kommune er fleire stadar i därleg forfatning, og Stord kommune har forståing for at det blir sett i verk tiltak for å betra situasjonen.

Stord kommune ser positivt på ei betring av vegstandarden mellom Husnes og Leirvik, då dagens vegstandard over Halsnøy ikkje samsvarar med trafikken over øya. Stord kommune meiner «Toftebrekka» på Sæbøvikvegen er eit svært viktig strekk å utbetra.

Innretninga på pakken opnar opp mot nord og aust, medan sør og vest blir stengd av med bompengar. Det er uheldig at bompengesystemet på ferjene skapar ein avvisingseffekt på trafikken internt i Sunnhordland, med dei konsekvensar det vil ha for næringslivet sitt høve til å ta oppdrag og innbyggjarane sin kontakt med regionssenterfunksjonar som sjukehus, domstolar og høgskule. Tilsvarande effekt gjer seg ikkje gjeldande for trafikken mellom Kvinnherad og Hardanger. Stord kommune meiner det utfordrar nytteprinsippet med ein «lekkasje» i bompengesystemet mellom Kvinnherad og kommunane Jondal og Odda, ettersom reisande til og frå desse kommunane nyttar prosjekta i pakken utan å bidra med bompengar. Likskap for reisande mellom Kvinnherad og dei ulike nabokommunane tilseier at det bør setjast opp ein bomstasjon som dekkjer trafikk til og frå Jondal og Odda.

Stord kommune er positiv til at innkrevjinga for Ranavik-Skjærholmane blir sett i samanheng med avslutning av innkrevjinga for Halsnøysambandet, men meiner det må vera ein føresetnad at det ikkje skal vera innkrevjing for Halsnøysambandet og Kvinnheradpakken samstundes.

Stord kommunestyre har tidlegare vedteke at ein ikkje ser det som aktuelt å finansiera utbygginga av nytt ferjestø på Stord-sida med bompengar

Saksprotokoll i Formannskapet - 07.11.2018

### **Vedtak (høyningsuttale)**

Stord kommune meiner Statens vegvesen må endra sine rutinar, slik at det blir tid for ein fullstendig høyingsrunde i bompengesøknadar, før saka blir teken opp til lokalpolitisk handsaming. Både kostnad og tiltak i bompengepakkene påverkar innbyggjarane i nabokommunane, og dei bør ha medverknad før vedtaka blir fatta. Høyingsrundane bør i tillegg vera breiare enn gjeldande praksis, og alle nabokommunar og regionrådet bør få saka til høyring.

Fylkesvegnettet i Kvinnherad kommune er fleire stadar i därleg forfatning, og Stord kommune har forståing for at det blir sett i verk tiltak for å betra situasjonen.

Stord kommune ser positivt på ei betring av vegstandarden mellom Husnes og Leirvik, då dagens vegstandard over Halsnøy ikkje samsvarar med trafikken over øya. Stord kommune meiner «Toftebrekka» på Sæbøvikvegen er eit svært viktig strekk å utbetra.

Innretninga på pakken opnar opp mot nord og aust, medan sør og vest blir stengd av med bompengar. Det er uheldig at bompengeinnkrevjinga på ferjene skapar ein avvisingseffekt på trafikken internt i Sunnhordland, med dei konsekvensar det vil ha for næringslivet sitt høve til å ta oppdrag og innbyggjarane sin kontakt med regionssenterfunksjonar som sjukehus, domstolar og høgskule. Tilsvarande effekt gjer seg ikkje gjeldande for trafikken mellom Kvinnherad og Hardanger. Stord kommune meiner det utfordrar nytteprinsippet med ein «lekkasje» i bompengesystemet mellom Kvinnherad og kommunane Jondal og Odda, ettersom reisande til og frå desse kommunane nyttar prosjekta i pakken utan å bidra med bompengar. Likskap for reisande mellom Kvinnherad og dei ulike nabokommunane tilseier at det bør setjast opp ein bomstasjon som dekkjer trafikk til og frå Jondal og Odda.

Stord kommune er positiv til at innkrevjinga for Ranavik-Skjærholmane blir sett i samanheng med avslutning av innkrevjinga for Halsnøysambandet, men meiner det må vera ein føresetnad at det ikkje skal vera innkrevjing for Halsnøysambandet og Kvinnheradpakken samstundes.

Stord kommunestyre har tidlegare vedteke at ein ikkje ser det som aktuelt å finansiera utbygginga av nytt ferjestø på Stord-sida med bompengar

### **Handsaming**

Tilrådd med 8 mot 1 røyst (Frp)

Dokumentliste

S	10.10.2018	Høyring Kvinnheradpakken - delvis bompengefinansiering
I	03.10.2018	Sak om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken - oversending til lokalpolitisk behandling
I	09.10.2018	Forprosjekt samband Kvinnherad - E39 Statens vegvesen Kvinnherad kommune

Vedlegg:

- 1 Sak om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken - oversending til lokalpolitisk behandling

**Innleiing (bakgrunn for saka)**

Statens vegvesen sendte 03.10.2018 sak om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken til lokalpolitisk handsaming i Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune, før saka blir sendt til endeleg handsaming i Stortinget. Kommunane Stord og Etne er høyningspartar.

Det er ikkje fastsett høyingsfrist. Kvinnherad kommunestyre vil handsame saka 25. oktober. Hordaland fylkeskommune sitt utval for miljø og samferdsel får saka til handsaming 7. november, fylkesutvalet 21.-22. november og fylkestinget 11.-12. desember.

**Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Kvinnherad kommune har arbeidd med ein bompengepakke for fylkesvegar i kommunen sidan 2014. Kvinnherad kommunestyre gjorde 28.09.2017 eit prinsippvedtak om omfang og prioritering av tiltak.

**Innkrevjing**

Det tilrådde alternativet for bompengeopplegg er innkrevjing på ferjestrekningane:

- Årsnes-Gjermundshamn
- Varaldsøy-Årsnes
- Utåker-Skånevik
- Matre-Utåker
- Ranavik-Skjærholmane

Det skal ikkje krevjast inn bompengar i delsambanda Gjermundshamn-Varaldsøy og Skånevik-Matre.

Den gjennomsnittlege bompengetaksten for takstgruppe 1 er sett til 35-43 kroner per passering i ferjesambanda. Takstgruppe 2 betalar to gongar taksten til takstgruppe 1. Dette gjev eit bompengebidrag på 165. mill. kroner av den samla Kvinnheradpakken på 746 mill. kroner. Innkrevjingstida er sett til 15 år.

Det er mogleg at bompengeordninga på ferjesamband blir endra av Stortinget, slik at alle køyretøy får same bompengetakst. Dersom det ikkje blir lagt til grunn rabatt, må ein ha ein bompengetakst på 38-50 kr for alle køyretøy.

Statens vegvesen skildrar ei endring i ferjeprising frå år 2020:

«Hordaland fylkeskommune har gjort vedtak om å innføre statens AutoPASSregulativ for ferjetakstar på alle fylkesvegsambanda. Den store endringa når AutoPASSregulativ for ferjetakstar vert innført, er at passasjerar ikkje lenger skal betale verken ferjebillett eller bompengar. Inntektene til ferjeselskapet skal vere dei same. Konsekvensen vert at ferjebillett (og bompengetakst) for køyretøy skal setjast opp.»

Ein legg til grunn eit takstsonepåslag på 6-7 takstsoner. Tabellen viser bompengepåslag på seks takstsoner med AutoPASS-regulativet:

Ranavik – Skjærholmane	Ferjebillett (Kr)	Bompengetakst (kr)	Totalbillett (kr)	Totalbillett med 50 pst. rabatt (kr)
Nullutsleppskøyretøy < 6 m	114,5	29	143	72
AP1 < 6 m	229	57	286	143
AP2 6,01–8 m	506	114	620	310
AP3 8,01–10	687	146	833	416
AP4 10,01–12,5	817	171	988	494
AP5 12,51–14,5	937	171	1108	554
AP6 14,41 – 17,5	1067	190	1257	629
AP7 17,51–19,5	1133	200	1333	667
AP8 19,51–22	1230	193	1423	711
AP 9 >22 m	1353	212	1565	782
Motorsykkel	83	14	97	49
Passasjer voksen				
Passasjer Barn				

\*Merk at berre nullutsleppskøyretøy under 6 m får bompengetakst. Nullutsleppskøyretøy over 6 m får ferjebillett tilsvarende halv takst av den køyretøygruppa dei hører til, men 0 kr i bompengeavgift.

Eksisterande bompengeinnkrevjing på ferjesambanda Årsnes-Gjermundshamn og Årsnes-Varaldsøy til finansiering av prosjektet fv. 551 Årsnes-Løfstrand er føresett avvikla før oppstart av Kvinnheradpakken, som då vil starta opp i år 2020. Innkrevjinga på ferjesambandet Ranavik-Skjærholmane er føresett starta opp i 2023, når innkrevjinga til Halsnøysambandet er avslutta eller går mot slutten. Innkrevjinga skal avsluttast samstundes på alle ferjesambanda, 15 år etter oppstart på dei fyrtre ferjene.

Statens vegvesen skriv at for å følgja nytteprinsippet, og få mest rettferdig innnkrevjing, skulle ein hatt eit internt system med bomstasjonar i Kvinnherad kommune. Statens vegvesen visar til at dette hadde blitt svært dyrt, og det hadde auka passeringenkostnaden monaleg. Tiltaka i pakken skal finansierast på følgjande måte:

- 165 mill. kroner i bompengebidrag
- 307 mill. kroner i skredsikringsmidlar
- 199 mill. kroner i fylkeskommunale midlar
- 75 mill. kroner i kommunale midlar

Bompengeinnkrevjinga i Jondalstunnelen har ein takst på kr 100 for takstgruppe 1, medan Halsnøytunnelen har takst på kr 96. Innkrevjinga i Folgefondtunnelen blei avslutta i juni 2016.

### Prosjekt i pakken

Statens vegvesen skriv i det faglege grunnlaget for lokalpolitisk handsaming:

«Det er stort behov for utbetring av vegnettet i Kvinnherad. På mange vegstrekke er vegbana smal og svingete, og enkelte strekningar er utsett for skred. Standarden på mange bruar er lite tilfredsstillande. I sentrale områder der gåing og sykling kan vere eit alternativ til bil, manglar det samanhengande gang- og sykkelvegar. Ved å gjennomføre dei tiltak det er lagt opp til i pakken, som utbetringstiltak, skredsikring, bygging av gang- og sykkelvegar, fjerning av flaskehalsar mm., vil framkomsten både for køyretøy og mjuke trafikantar bli betre. Tiltaka vil samstundes auke trafikktryggleiken for alle trafikantgrupper.»

Det er sett opp ni prosjekt i pakka. I tillegg viser kartet tre prosjekt som er del av oppgraderinga av fylkesvegane i Kvinnherad, men ikkje av bompengepakka.

Pri	Vegnr.	Prosjekt	Status	Kostnad 2018-kr
	Fv 48	Ny veg Lundssvingane	Ferdig bygd	40
	Fv 48	Kollektivtiltak Rosendal	Under bygging	38
		Kollektivtiltak Husnes	Tiltaket er regulert	12
Totalt, fylkesvegprosjekt Kommunen er byggherre for				90
1	E39	Nytt ferjesamband mot Stord, planlegging	Kun planlegging, Interkommunal kommunedelplan under arbeid	5
2	Fv 551	Furebergfossen bru	Totalentreprise lyst ut	57
3A	Fv 551	Folgefonntunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Tunnel Sunndal)	Mangler reguleringsplan	350
3B	Fv 551	Folgefonntunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Vegutbetring)	Mangler reguleringsplan, truleg ikkje behov for plan	100
4	Fv 48	Herøy sundet	Reguleringsplan venta godkjent hausten 2018	29
		TS tiltak – generelt (punktutbetring)		
5		Ikkje trong for reguleringsplan		33
6	Fv 544	Sæbøvik – Eidsvik – Tofte	Delvis godkjent reguleringsplan	32
7	Fv 544/48	Opsanger – Porsvik	Delvis godkjent reguleringsplan	87
8	Fv 48	Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1	Reguleringsplan godkjent, behov for oppfrisking	45
9	Fv 551	Folgefonntunnelen – Årsnes Byggetrinn 2	Kun midlar til planlegging,	8
Totalt, Kvinnheradpakken				746
Totalt fylkesvegsatsing i Kvinnherad				836



Dei største kostnadane i pakka er utbetringar på vegstykket mellom Årsnes og Folgefonntunnelen. Det ligg inne utbetring av vegen over Halsnøy, vegen mellom tunnelopninga på fastlandet og Husnes, og planleggingsmidlar til nytt ferjesamband mot Stord.

«Lokalisering av eit framtidig ferjeleie på Stord og eventuelt på Halsnøy er ikkje bestemt. For å unngå at manglande avklaringar skal forseinkne prosessen med å

utarbeide ein Kvinnheradpakke, er det lagt opp til at innkortingsprosjektet blir fremma når planar og finansiering for eit nytt ferjeleie på Stord og eventuelt nytt ferjeleie på Halsnøy er avklart. Prosjektet kan så handsamast som eit eige bompengeprosjekt, likt med bompengeprosjektet Gjermundshamn - Årsnes eller innarbeidast i Kvinnheradpakken gjennom ein revisjon av pakken. Planlegginga av nytt ferjeleie kan dermed skje parallelt med utarbeiding og gjennomføring av Kvinnheradpakken.» (Statens vegvesen sitt faglege grunnlag)

Det ligg ikkje inne midlar til full utbetring av Toftebrekka:

«Det er i dag avsett ei mindre løyving i pakken. Løyvinga må aukast betrakteleg om pågåande grunnundersøking og forprosjekt viser att tiltak i Toftebrekka er tilrådeleg. I så fall kan prosjektet verta tilført midlar frå prosjekta med lågare prioritet. «Toftebrekko» må uansett til ein viss grad trafikktryggast. Ein må forventa ein vesentleg auke i 2023 på trafikktala når Halsnøysambandet er nedbetalt.»

### **Vurdering**

Rådmannen meiner Statens vegvesen må endra sine rutinar, slik at det blir tid for ein fullverdig høyringsrunde i bompengesøknadar. Både prosjekta og innkrevjinga påverkar innbyggjarane i nabokommunane, og dei bør få gje innspel før saka går til lokalpolitisk handsaming. Høyringsrundane bør i tillegg vera breiare enn gjeldande praksis, og alle nabokommunar og regionrådet bør få saka til høyring.

Vegstandarden for fylkesvegane i Kvinnherad er därleg, og rådmannen har forståing for at det blir sett i gang tiltak for å betra på tilhøva. Dei mest kostnadskrevjande tiltaka er på strekninga Årsnes-Folgefondtunnelen. Samstundes er det desse prosjekta som gjer at det blir tilført skredsikringsmidlar i bompengepakken.

Rådmannen meiner det er positivt at fylkeskommunen kjem med ei betydeleg medfinansiering av prosjektet, og ser det som naturleg med tilsvarende grad av medfinansiering i andre bompengepakkar i framtida.

Det er positivt med utbetring av vegen mellom Husnes og Leirvik, og vegen over Halsnøy er for därleg for trafikkmengda. Det er særskilt viktig å gjera noko med «Toftebrekka» på Sæbøvikvegen.

Statens vegvesen ventar ei vesentleg auke i trafikktala når Halsnøysambandet er nedbetalt. Rådmannen er usikker på denne effekten, sett i lys av bompengeinnkrevjing som førar til høgare ferjetakst. Innretninga på pakken opnar opp mot nord og aust, medan sør og vest blir stengd av med bompengar. Det er uheldig at bompengeinnkrevjinga på ferjene skapar ein avvisingseffekt på trafikken internt i Sunnhordland, med dei konsekvensar det vil ha for næringslivet sitt høve til å ta oppdrag og innbyggjarane sin kontakt med regionssenterfunksjonar som sjukehus, domstolar og høgskule. Tilsvarande effekt gjer seg ikkje gjeldande for trafikken mellom Kvinnherad og Hardanger.

Rådmannen meiner også at det utfordrar nytteprinsippet med ein «lekkasje» i bompengesystemet for reisande mellom Kvinnherad og nabokommunane Jondal og Odda. Reisande frå desse kommunane kan ha nytte av prosjekta i pakken utan å bidra med bompengar. Likskap for reisande mellom Kvinnherad og dei ulike nabokommunane tilseier at det bør setjast opp ein bomstasjon som dekkjer trafikk til og frå Jondal og Odda.

Det er lagt til grunn at ein startar innkrevjing for sambandet Ranavik-Skjærsholmane i 2023, når eksisterande innkrevjing av bompengar er ferdig eller går mot slutten.

Rådmannen meiner dette er positivt, men det bør leggjast som eit premiss at desse innkrevjingane ikkje overlappar.

Stord kommunestyre vedtok 20.04.2017, i sak PS 32/18 - Interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad; planprogram med silingsrapport for offentleg utlegging, at ein ikkje ser det som aktuelt å finansiera utbygginga av nytt ferjestø på Stord-sida med bompengar.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ikkje vurdert

### **Miljømessig konsekvens**

Ikkje vurdert

**Folkehelse**

Ikkje vurdert

**Universell utforming**

Ikkje vurdert

**Beredskap**

Ikkje vurdert

**Konklusjon, alternativ tilråding**

Stord kommune meiner Statens vegvesen må endra sine rutinar, slik at det blir tid for ein fullstendig høyingsrunde i bompengesøknadar, før saka blir teken opp til lokalpolitisk handsaming. Både kostnadar og tiltak i bompengepakkar påverkar innbyggjarane i nabokommunane, og dei bør ha medverknad før vedtaka blir fatta. Høyingsrundane bør i tillegg vera breiare enn gjeldande praksis, og alle nabokommunar og regionrådet bør få saka til høyring.

Fylkesvegnettet i Kvinnherad kommune er fleire stadar i därleg forfatning, og Stord kommune har forståing for at det blir sett i verk tiltak for å betra situasjonen.

Stord kommune ser positivt på ei betring av vegstandarden mellom Husnes og Leirvik, då dagens vegstandard over Halsnøy ikkje samsvarar med trafikken over øya. Stord kommune meiner «Toftebrekka» på Sæbøvikvegen er eit svært viktig strekk å utbetra.

Innretninga på pakken opnar opp mot nord og aust, medan sør og vest blir stengd av med bompengar. Det er uheldig at bompengeinnkrevjinga på ferjene skapar ein avvisingseffekt på trafikken internt i Sunnhordland, med dei konsekvensar det vil ha for næringslivet sitt høve til å ta oppdrag og innbyggjarane sin kontakt med regionssenterfunksjonar som sjukehus, domstolar og høgskule. Tilsvarande effekt gjer seg ikkje gjeldande for trafikken mellom Kvinnherad og Hardanger. Stord kommune meiner det utfordrar nytteprinsippet med ein «lekkasje» i bompengesystemet mellom Kvinnherad og kommunane Jondal og Odda, ettersom reisande til og frå desse kommunane nyttar prosjekta i pakken utan å bidra med bompengar. Likskap for reisande mellom Kvinnherad og dei ulike nabokommunane tilseier at det bør setjast opp ein bomstasjon som dekkjer trafikk til og frå Jondal og Odda.

Stord kommune er positiv til at innkrevjinga for Ranavik-Skjærholmane blir sett i samanheng med avslutning av innkrevjinga for Halsnøysambandet, men meiner det må vera ein føresetnad at det ikkje skal vera innkrevjing for Halsnøysambandet og Kvinnheradpakken samstundes.

Stord kommunestyre har tidlegare vedteke at ein ikkje ser det som aktuelt å finansiera utbygginga av nytt ferjestø på Stord-sida med bompengar